

## Målet for turen er det mektige gjelet Skålakjefen

Etter å ha gått eller sykla frå Gravabotn til Gyrinose tek du fatt på stigen innover mot Skålen. Den fylgjer stort sett åne som renn frå Skålen til Gyrinosvatnet. Denne elva renn svært stille i krokar og svingar og er brei som eit lite, langt vatn. Den heiter også Langevatnet. Stigen er lett å fylgja, krokar seg av og til litt bort frå elva for å fylgja turt lende. Den går på sørsida av Langevatnet og inn i Skålen.

Området innover mot Skålen er som ein ganske flat dal med fjell og høgder på baa sider. På sørsida ligg Storehovda nærast Gyrinose, så kjem Myljohovda (nuten på kartet) før dei to mektige fjelltoppane som lagar den litt tronge inngangen til stølen Skålen.

Frå Skålen kan ein gå turen vidare langs Skålaåne over fjellet til Djup. ( Sjå tur nr. 1 -5 Djup – Skålen ). Turen vert då ca. 11 km. lengere.

Med kajakk er det ein veldig fin padletur heilt frå Gravabotn til Skålakjefen. Ein må då dra / bære kajakken over det fyrste vesle høgdedraget frå Gyrinose.

Ved Gyrinose (og også ved Gravabotn) har ein funne rester etter dei eldste buplassar i Ålingsfjella. Ved elveosen på vestsida av Gyrinosvatnet er det funne kolbitar frå ein gamal buplass som er datert attende til ca. 6 000 år før vår tidsrekning. Her er også funne fururøter datert like langt attende.

I eldre tid støla det folk i Skålen høgste sumaren. Skålen vart i fleire år brukt som område for "hesteslepp", der ein hingst gjekk med sitt hoppeharem under tilsyn av ein gjetar, men dette er det no slutt med.



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000



Fylkesveg 244 (Nordbygdivegen) mot Vats. Ved Feten i Leveld opp Nysetlie. Betalingsbom til Hemsedal. Forbi Fjellstølen og Lauvdalen. Så til venstre (søre vegen) mot Gravabotn og Gyrinose.



Rester etter dei eldste buplassane som er funne i Ålsfella. Kolbitar frå desse er datert til å være 8000 år gamle.



Ved vegbommen i Gravabotn. (privat veg vidare).



Gravabotn-Skålen - ein veg ca. 14 km. Tid ca 3-4 timar.



Etter gåtur (eller sykkelstur) kjerrevegen til Gyrinose (ca 6 km.) tek stigen av mot Skålen. Turen er ikkje skilta eller merka, bruk kart.

